

Hywer Miljøpolicy

Hywer skal vere leiande på berekraftige løysingar for vasskraftbransjen. Vi forpliktar oss samtidig til å bidra til ein berekraftig samfunnsutvikling og redusere miljøpåverknad forbunde med våre aktivitetar. Vårt mål er å ta vare på miljøet og menneska, samtidig som vi skaper verdi, vekst og innovasjon.

Ved å integrere berekraftige tenkemåtar i alle ledd av vår verksemd, ønsker vi å oppnå ein organisasjon der våre ansatte, kundar og leverandørar kan trivast og vekse. Saman skal vi samarbeide og jobbe mot eit felles mål, ein betre og meir berekraftig framtid. Saman med alle våre interessentar, skal vi bidra til ein kultur der helse, miljø og sikkerheit står foran kortsiktig økonomisk vinning.

Vi sluttar oss til FN's berekraftsmål og har identifisert fem viktige mål som vi kan påverke gjennom våre aktivitetar:



Vi skal bidra til å auke andelen fornybar energi ved å levere varer, tenester og nøkkelferdige vasskraftverk til energibransjen.



Vi skal fremme varig og berekraftig økonomisk vekst, samt sikre trygge, inkluderande, ikkje diskriminerande og rettferdige arbeidsforhold.



Vi skal sette krav til eigen produksjon og våre underleverandører for å minimere den totale miljøpåverknaden til produkter, samt sikre sporbarheit og kvalitet på produktdokumentasjon.



Vi skal jobbe med tiltak og levere løysingar som bidreg til å motverke klimaendringar og redusere konsekvensane av dei.



Vi skal legge vekt på berekraftig bruk av økosystem og habitat på land gjennom innovative og skånsomme løysingar som ivaretek omsyn til naturen.



Rune Skjevdal
Daglig Leder



Marie Stølen
ESG-ansvarlig